Del I – Konkurransereglar
Totalentreprise
Riving Algrøy og Blomvåg skule

Øygarden kommune

Innhold

1. Innbydelsen ... 3
   1.1. Kort om anskaffelsen ... 3
   1.2. Kort om oppdragsgiver ... 5
   1.3. Atterhald om tillatelser eller finansiering ... 5
2. Anskaffelsesprosedyre og konkurranseregler ... 6
   2.1. Anskaffelsesprosedyre ... 6
   2.2. Konkurranseregler ... 6
   2.3. Kunngjøring ... 6
   2.4. Tilbodsåpning ... 6
3. Grunnlag for Tilbodet ... 6
   3.1. Konkurransegrunnlagets oppbygging ... 6
   3.2. Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget ... 7
   3.3. Synfaring og informasjonsmøte ... 7
4. Krav til tilbodet ... 7
   4.1. Tilbodets utforming ... 7
      4.1.1. Organisering av tilbodsdokumenta ... 7
      4.1.2. Språk ... 7
   4.2. Tilbodets innhald ... 7
      4.2.1. Avvik og atterhald ... 8
      4.2.2. Alternative tilbod ... 8
      4.2.3. Deltibod ... 8
   4.3. Offentleglova ... 8
   4.4. Levering av tilbodet ... 8
      4.4.1. Leveringsadresse ... 8
      4.4.2. Innpakking, format og kopier ... 8
      4.4.3. Tilbodsfrist ... 8
   4.5. Vederståelsesfrist ... 8
   4.6. Tilbodskostnader ... 8
5. Kvalifikasjonskrav ... 8
   5.1. Tilbydars organisatoriske og juridiske stilling ... 8
   5.2. Tilbydars økonomiske og finansielle soliditet ... 9
   5.3. Tilbydars tekniske og faglige kapasitet ... 9
   5.4. Krav Styringssystem for kvalitet ... 10
   5.5. Krav til Miljøleiingssystem ... 10
   5.6. Underleverandør/støtte frå andre verksemder ... 10
6. Tildelingskriterium ... 11
7. Miljø – Unntak frå FOA § 7-9 ... 11

1. Innbydelsen

Øygarden kommune ynskjer å invitere til konkurranse om riving av Algrøy og Blomvåg Skule.

1.1. Kort om anskaffelsen

Arbeidet skal utførast som ein totalentreprise etter NS 8407:2011 Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser.

Det er to skular som skal rivast, Algrøy og Blomvåg skule.

Det skal leverast to framdriftsplanar som inneber parallell drift/gjennomføring.

Alle maskinar og køyretøy som skal nyttas skal driftas elektrisk eller med biogass.

Kontraktarbeidet omfattar følgjande:

<u>Algrøy skule:</u>
Gamle delen ved Algrøy skule skal sanerast og rivast. Den aktuelle bygningsdelen som skal rivast er oppført i 1954 og representerer den eldste delen av skulen. Omfanget av rivinga, inkludert rivesnitt og avgrensing av tiltaket, går fram av vedlagt kartskisse.

Cowi har utarbeida miljøsaneringsrapport for delar av bygget som skal rivast. Denne vert lagt til grunn for oppdraget. Rapporten er berre retningsgivande, entreprenøren har alt ansvar for avvik mellom rapporten og faktiske mengder og avvik gir ikkje entreprenør noko rett på vederlagsjustering eller fristforlengning.

Lausøyre på bygget skal fjernast av entreprenør. Omfanget er basert på det som syner på synfaringa. Valt entreprenør skal prosjektere vidare på eksisterande grunnlag, og utføre sanering og riving til oppgitt fastpris i **Del II –Kontraktsgrunnlaget Bilag 1 Prisskjema Algrøy og Blomvåg skule**

<u>Blomvåg skule:</u>
Delar av Blomvåg skule skal miljøsanerast og rivast. Skulen består av fleire bygningar, og det er delen frå 1963 med tilhøyrande tilbygg frå 1992, samt modulbygg satt opp i 1995 og 2006 som skal rivast. Omfanget av rivinga, inkludert rivesnitt og avgrensing av tiltaket, går fram av vedlagt kartskisse.

Cowi har utarbeida miljøsaneringsrapport for delar av bygget som skal rivast. Denne vert lagt til grunn for oppdraget. Rapporten er berre retningsgivande, entreprenøren har alt ansvar for avvik mellom rapporten og faktiske mengder og avvik gir ikkje entreprenør noko rett på vederlagsjustering eller eller fristforlengning.

Lausøyre på bygget skal fjernast av entreprenør. Omfanget er basert på det som syner på synfaringa. Valt entreprenør skal prosjektere vidare på eksisterande grunnlag, og utføre sanering og riving til oppgitt fastpris i **Del II –Kontraktsgrunnlaget Bilag 1 Prisskjema Algrøy og Blomvåg skule**

Planlagt oppstart for arbeida er 03.08.2026 og siste frist for overtaking er 01.11.2026(dagmulktbelagt)

1.2. Kort om oppdragsgiver

Oppdragsgivar har i dag om lag 39 400 innbyggjarar og er den nest største kommunen i Vestland fylke. Det er om lag 2 800 tilsette, og kommunen eig og driv om lag 220 000 m² med eigedom fordelt på 90 bygg. Bygningsmassen består hovudsakleg av formålsbygg innan undervisning, omsorg, helse, kultur, idrett og administrasjon, men også næringsbygg.

1.3. Atterhald om tillatelser eller finansiering

Oppdragsgivar tek førehald om å avlysa konkurransen undervegs i anskaffingsprosessen, og heilt eller delvis forkasta tilbod, dersom det føreligg sakleg grunn for dette. Særskilt tas det atterhald om finansiering, da avhengig av endeleg kontraktsum, moglegvis må opp til politisk behandling.
Ein slik avlysing gir ikkje tilbydarane krav på erstatning for utgifter knytt til anskaffinga.

2. Anskaffelsesprosedyre og konkurranseregler

2.1. Anskaffelsesprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974. Del I og del II. Kontraktstildelinga vil skje etter prosedyren for open tilbodskonkurranse, i tråd med FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.
Likevel kan dialog gjennom forhandlingar bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som hensiktsmessig. Dialog vil bli gjennomført med dei tre beste tilboda. Utveljinga av desse vil bli gjort etter ei vurdering av tilboda etter tildelingskriteria.

<u>Det presiserast at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og må derfor levere sitt beste tilbod med ein gong.</u>

Leverandøren blir sterkt oppfordra til å følgje dei anvisningane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål ved uklarheiter gjennom kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Krav til lønns- og arbeidsvilkår
Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

Krav til lærlinger
Kontrakten vil innehalde krav om lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar. (FOR-2016-12-17-1708).

2.2. Konkurranseregler

Konkurransen gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffingar og tilhøyrande forskrifter.

2.3. Kunngjøring

Konkurransen vert utlyst gjennom Mercell på DOFFIN.

2.4. Tilbodsåpning

Tilboda blir opna og protokollført i Mercell. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning eller publisert ein eigen opningsprotokoll.

3. Grunnlag for Tilbodet

3.1. Konkurransegrunnlagets oppbygging

Konkurransegrunnlaget er bygd opp etter NS3450:2014 og består av:

- **Del I - Konkurransereglar** – Dette dokumentet med tilhøyrande bilag
- **Del II - Kontraktsgrunnlaget** med tilhøyrande bilag:

    - Bilag 1 Prisskjema Algrøy og Blomvåg skule
    - Bilag 2 Funksjonsskildring Algrøy skule

- Bilag 3 Funksjonsskildring Blomvåg skule
- Bilag 4 SHA-plan - riving Algrøy skule
- Bilag 5 SHA-plan - riving Blomvåg skule
- Bilag 6 Miljøkartleggingsrapport Algrøy skule
- Bilag 7 Miljøkartleggingsrapport Blomvåg skule
- Bilag 8 Ombrukskartleggingsrapport Algrøy skule
- Bilag 9 Ombrukskartleggingsrapport Blomvåg skole
- Bilag 10 Framdriftsplan Algrøy skule
- Bilag 11 Framdriftsplan Blomvåg Skule

3.2. Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget

Ved spørsmål til konkurransegrunnlaget skal all kommunikasjon mellom oppdragsgivar og leverandør gjennomførast i kommunikasjonsmodulen i Mercell. Frist for å stille spørsmål til konkurransen finn ein i Mercell.

3.3. Synfaring og informasjonsmøte

Tidspunkt for synfaring blir fredag 19. Juni klokka 10.00. Det blir mogleg å stille spørsmål på synfaringa. Spørsmål og svar gitt under synfaring vert protokollført og publiser i konkurransen via Mercell. Me startar/oppmøte på Algrøy Skule og køyrar vidare til Blomvåg etterpå. Påmelding til synfaring gjerast innan 18. Juni i Mercell.

Adresse for synfaring:

Algrøy skule – Nordre Øyavegen 277, 5357 Fjell

Blomvåg skule - Høgeseta 3, 5337 Rong

4. Krav til tilbodet

4.1. Tilbodets utforming

4.1.1. Organisering av tilbodsdokumenta

Tilboda i konkurransen skal utformast på denne måten:

1. Signert tilbodsbrev med priser
2. Dokumentasjon vedrørande kvalifikasjonskrava, sjå punkt 5.1, 5.2, 5.3, 5.4 og 5.5 i del I, Konkurransebeskrivelsen
3. Dokumentasjon vedrørande tildelingskriterium pris, sjå punkt 6 i del I, konkurransebeskrivelsen.
4. Andre tilbodsdokument
5. Sladdet versjon av tilbodet, klargjort for offentleg innsyn.

4.1.2. Språk

Tilbodet skal leverast på norsk, og all kommunikasjon med oppdragsgivar skal foregå på norsk.

4.2. Tilbodets innhald

4.2.1. Avvik og atterhald

For å kunne samanlikne alle tilbydarar på same grunnlag skal tilbod leverast utan avvik eller atterhald. Leverandør skal nytte seg av moglegheita til å stille spørsmål i konkurransen ved uklarheiter. Ved avvik eller atterhald tilbodet vil tilbodet kunne bli avvist.

4.2.2. Alternative tilbod

Det er ikkje mogleg å gje alternative tilbod.

4.2.3. Deltibod

Det er ikkje mogleg å gi deltilbod. Riving av Algrøy og Blomvåg rekna som ein entreprise.

4.3. Offentleglova

For allmennheitas innsyn i dokument knytt til ein offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og dens tilsette pliktar å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

4.4. Levering av tilbodet

4.4.1. Leveringsadresse

Tilbodet leverast i Mercell.

4.4.2. Innpakking, format og kopier

Alle dokument skal leverast i PDF-format, med unnatak av bilag i .xlsx-format som skal leverast i originalformat.

4.4.3. Tilbodsfrist

Sjå Mercell for informasjon om tilbodsfrist.

4.5. Vederståelsesfrist

Sjå Mercell for informasjon om vederståelsesfrist.

4.6. Tilbodskostnader

Leverandør må sjølv dekke alle kostnader ved å delta i konkurransen.

5. Kvalifikasjonskrav

For å kvalifisere for deltaking i konkurransen skal alle dokument i samsvar med punkt 4.1.1 leverast strukturert slik som beskrive. Manglande oppfylling av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising frå konkurransen, jf. FOA § 9-5 (1) a.

5.1. Tilbydars organisatoriske og juridiske stilling

Krav 1:	**Dokumentasjon:**
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	**<u>Utvida</u> attest for skatt og meirverdiavgift.** Attesten skal ikkje vere eldre enn 2 månader rekna frå tilbodsfrist. Attesten fåast elektronisk i Altinn. For nærmare informasjon, sjå Skatteetaten.no.

Krav 2:	**Dokumentasjon:**

Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Firmaattest.

5.2. Tilbydars økonomiske og finansielle soliditet

Krav:	**Dokumentasjon:**
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal ikkje vere meir enn 3 mnd gamal. Kapasiteten vurderes ut fra en helhetsvurdering basert på følgende parametere: resultatgrad, likvidtetsgrad, soliditet, gjeldsgrad og omsetning. Oppdragsgivar reserverer seg moglegheita til sjølve å innhente kreditrating av Leverandøren.

5.3. Tilbydars tekniske og faglige kapasitet

Krav 1:	**Dokumentasjon:**
Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast. **Det vil seie:** • **Totalentreprisar** • **Rivearbeider**	Skildring av leverandøren sine 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om: a) Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar b) Prosjektnamn c) Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift d) Tidspunkt (frå/til) e) Kva leveransar leverandøren stod for/leverandøren si rolle i prosjektet. f) Entrepriseform Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør. **Ferdig utfylt:** Bilag 4 – Referanseskjema skal nyttas.

Krav 2:	**Dokumentasjon:**
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne.	Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over talet årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten. Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for

	oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, underentreprenørar med meir.

Krav 3:	Dokumentasjon:
Leverandøren skal berre nytta maskinar og køyretøy drifta elektronisk eller på biogass på anleggsområdet og til massetransport.	Ein forpliktande liste over maskinar og køyretøy som skal nyttast. Alle skal være drifta elektrisk eller på Biogass. Det skal vedleggas ein oversiktleg liste kor type maskin/kjøyretøy, fabrikat, type drivstoff (El/Biogass) og registreringsnummer oppgis (der det er aktuelt). Manglande etterleving av dette kravet er dagmulktbelagt.

5.4. Krav Styringssystem for kvalitet

Krav 1:	Dokumentasjon:
Tilbydar skal ha eit implementert styringssystem for kvalitet.	Gyldig ISO 9001-sertifikat eller tilsvarande, attest skrive ut av uavhengig organ som dokumentasjon for at leverandøren oppfyller krava etter ISO 9001 eller tilsvarande. Eventuelt, som dokumenterer at tilsvarande krav er vareteke, med ei overordna skildring av innhaldet i systemet, under dette oversikt over planar og sjekklister som er relevante. Forklaringa kan inkludera ei samsvarsmatrise opp mot ISO 9001.

5.5. Krav til Miljøleiingssystem

Krav 1:	Dokumentasjon:
Tilbydar skal ha eit implementert miljøleiingssystem.	Gyldig ISO 14001//50001, EMAS –sertifikat; Miljøfyrtårn eller tilsvarande, attest skrive ut av uavhengig organ som dokumentasjon for at leverandøren oppfyller krava .Eventuelt, forklaring som dokumenterer at tilsvarande krav er varetekne, med ei overordna beskriving av innhaldet i systemet, under dette oversikt over planar og sjekklister som er relevante. Forklaringa kan inkludera ei samsvarsmatrise opp mot ISO 14001.

5.6. Underleverandør/støtte frå andre verksemder

Dersom tilbydaren er avhengig av å støtte seg på ein underleverandør sine kvalifikasjonar for å oppfylle eit eller fleire tekniske/faglege kvalifikasjonskrav, eller for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, skal det opplysast om dette i tilbodet.

Leverandøren må også levere ei forpliktingserklæring (mal er vedlagt) frå underleverandørane der det vert bekrefta at underleverandøren vil stille til rådigheit dei ressursane som leverandøren treng for å bli kvalifisert. Dersom leverandøren støttar seg på anna verksemd for å oppfylle krava til økonomisk eller finansiell kapasitet skal verksemda si stadfesting av solidaransvar ovanfor leverandøren gå fram av erklæringa.

6. Tildelingskriterium

Konkurransen vil bli vurdert basert på kritereiene i tabellen under.

Vurderingstema:	**Vekting:**	**Krav til dokumentasjon:**
Pris/kostnad Under dette kriteriet vurderast: Kontraktssum= Algerøy+ Blomvåg skule + opsjon Blomvåg.	**100 %**	**Ferdig utfylt:** **Del 2 Bilag** 1 – Prisskjema Algrøy og Blomvåg skule Prisar skal oppgis i Tilbodsbrev.

Mottekne tilbod vil bli evaluerte i tråd med dei kriteria som kjem fram i tabellen ovanfor.
Evaluering av pris: Tilbod med Lågaste pris(Algrøy + Blomvåg+ opsjon Blomvåg) blir rangert som nr.1.

7. Miljø – Unntak frå FOA § 7-9

Ifølgje FOA § 7-9 (4) kan kriterium i samsvar med FOA § 7-9 etter andre og tredje ledd erstattast av krav der dette gir eit klart betre klima- og miljøeffekt. For denne anskaffinga blir nytta unntaksregelen i FOA § 7-9 (4), sidan klima- og miljøkrava knytte til arbeida som er inkluderte i avtalen har eit klart betre klima- og miljøeffekt enn bruk av tildelingskriterium. Alle identifiserte miljøkrav er tekne med som absolutte krav til tilbydarane i Funksjonskildringane, Miljøkartleggingsrapportane og Ombrukskartleggingsrapportane. Kravnivåa som er sette til gjennomføringa er på eit nivå der det blir rekna at det er svært lite truleg at marknaden vil levera løysningar som kan dokumentera eit klart betre samla klima- og miljøeffekt i ein konkurranse. Oppdragsgivar har også stilt krav om at leverandørane ska nytt maskinar og køyretøy som nyttar El/biogass som drivstoff og ha eit implementert miljøleiingssystem. Samla sett utgjer krava ein garantert klima- og miljøeffekt som ikkje kan oppfyllast gjennom bruk av tildelingskriterium, der ein tilbydar kan vinna konkurransen og dermed bli tildelt avtalen utan å oppfylla krava over fullt ut. Oppdragsgivars vurdering er derfor at for å oppnå lågast mogleg klima- og miljøbelastninga i denne anskaffinga blir unntaksregelen nytta i FOA § 7-9 (4), då det er klart at bruk av klima- og miljøkrav har ein betre klima- og miljøeffekt enn bruk av tildelingskriteriet som beskrive i FOA § 7-9 (2). Oppdragsgivar er derfor friteken frå forpliktinga, jf. FOA § 7-9 (2).